

POSTENS PENSJONISTFORBUND
Postpensjonistane i Sunnhordland
Skipa 1990

1 **Vedtekter**

§ 1 Namn

Namnet på avdelinga er Postpensjonistane i Sunnhordland.

§ 2 Føremål

- 2.1 Føremålet til avdelinga er å fremja og verna om medlemmene sine økonomiske, sosiale, helsemessige og kulturelle interesser.*
- 2.2 Avdelinga skal innanfor sitt dekningsområde arbeida for god kontakt og godt samarbeid med Posten Norge AS, personalorganisasjonane, Pensjonistforbundet sitt lokallag og andre foreiningar og lag som arbeidar for dei eldre.*
- 2.3 Avdelinga skal innanfor sitt dekningsområde aktivt arbeida for å teikna som medlemmer flest mogleg postpensjonistar og andre som har rett til å medlemskap.*

§ 3 Medlemskap

- 3.1 Alle alders- og uførepensjonistar samt AFP-pensjonistar som har vore tilsett i Postverket/Posten Norge AS, Postgiro, Postbanken, Bring eller i selskap der Posten har ein eigardel på minst 50%, samt ektefellar/ sambuarar til desse, kan verta medlemmer. Det same gjeld tidlegare tilsette som har slutta med venteløn eller har motteke sluttvederlag for friviljug å ha slutta. Det same gjeld og enkjer/enkjemenn etter posttilsette.
For å leggja tilhøva til rette for overgang frå yrkesaktiv til pensjonist, kan også posttilsette som står føre slik overgang, verta medlemmer.
Dersom geografiske eller andre tilhøve gjer det ynskjeleg, kan eit medlem knytast til den avdelinga han/ho finn mest praktisk.*

§ 4 Kontingent

- 4.1 Avdelinga krev inn kontingenten frå medlemene og betalar til forbundet den delen som forbundet og Pensjonistforbundet skal ha innan 30. april.*
- 4.2 Forbundet og Pensjonistforbundet sin del av medlemskontingenten som er betalt inn etter 30. april, skal sendast samla til forbundet innan 15. desember.*
- 4.3 Medlem som ikkje har betalt kontingenten sin innan 31. august skal strykast som medlem.*

§ 5 Årsmøte

Årsmøte skal heldast innan utgangen av mars månad. Innkallinga skal skje skriftleg med minst 14 dagars varsel.

Årsmøtet skal behandla:

- 1. Årsmelding*
- 2. Revidert rekneskap som er avslutta pr. 31.12.*
- 3. Arbeidsplan for komande årsmøteperiode*
- 4. Inkomne framlegg*
- 5. Budsjet*
- 6. Val av styre m.m.*

Styret skal ha minst 3 medlemmer – leiar, nestleiar/sekretær og økonomiansvarleg. For avdelingar med inntil 100 medlemmer skal styret ha MINST 2 medlemmer, leiar og økonomiansvarleg. I tillegg skal det veljast 2 varamedlemmer, 1- 2 revisorar samt vararevisor.

Dessutan skal det veljast ein valkomité.

Alle tillitsvalde skal veljast for 2 år om gongen. Ved val av styre bør det leggjast vekt på behovet for kontinuitet.

Årsmøtet kan etter behov oppretta permanente utval/komitear for serlege føremål.

Styret innstiller representantar til landsmøtet. Innstillinga skal leggjast fram for årsmøtet eller eit medlemsmøte for godkjenning. Om nødvendig kan styret velja representantane.

§ 6 Ekstraordinært årsmøte

Det kan innkallast til ekstraordinært årsmøte når styret eller 1/3 av medlemene krev det. Innkalling skal skje på same måte som til ordinært årsmøte.

§ 7 Styret sine oppgåver

Styret har den økonomiske og administrative leiinga og skal fylgja opp og utføra det som årsmøtet vedtek. Det er også Styret sitt ansvar å halda avdelinga si heimeside oppdatert, samt sjekka avdelinga si epostkasse regelmessig. Styret kan om nødvendig oppnemna tidsavgrensa arbeidsgrupper/utval til å greia ut spesielle saker.

Avdelinga skal etter kvart registrera i medlemssystemet tilgang/avgang av medlemmer og adresseendringar.

Styret skal leggja fram årsmelding og revidert rekneskap for årsmøtet. Bilag skal vera attesterte av leiar eller ein annan som har fullmakt til det. Kopi av årsmelding, rekneskap, protokoll frå årsmøtet og vedteken arbeidsplan skal sendast til Arbeidsutvalet rett etter årsmøtet.

Det skal førast protokoll/referat frå alle styremøte og samkomer i avdelinga.

Første varamedlem møter i styret med tale- og framleggsrett, men utan røysterett når alle i styret elles er til stades. Alle varamedlemer skal ha tilsendt alle styredokument.

Det er laga eiga handbok for tillitsvalde, der arbeidet i styret er nøye beskreve.

§ 8 *Avdelinga har eiga heimeside som gjev aktuell informasjon om det som skjer i avdelinga.*

§ 9 Vedtektsendringar

9.1 Basisvedtektene kan berre endrast av landsmøtet.

9.2 Årsmøtet kan vedta lokale tillegg til basisvedtektene. Framlegg om slike tillegg, eller endringar av dei, skal fremjast minst 3 veker før årsmøtet. Vedtak om tillegg/endringar krev 2/3 fleirtal mellom dei som har røysta.

Den einskilde avdelinga kan utarbeida utfyllande gjeremålsliste som eit tillegg (instruks) utanom vedtektene.

§ 10 Oppløysing

10.1 Framlegg om å løysa opp avdelinga kan berre vedtakast av årsmøtet, med minst 2/3 fleirtal av dei frammøtte. Framlegg om oppløysing skal vera varsla i innkallinga. Endeleg avgjerd om oppløysing vert teken av Landsstyret.

10.2 Ved oppløysing skal alle aktiva overførast til Postens Pensjonistforbund.

ⁱ Disse vedtektene vart vedtekne på årsmøtet i Stord avdeling den 19. februar 2002,
Endra av årsmøtet i Sunnhordland avdeling den 24. februar 2004 (endring av namn på avdelinga).
Endra av årsmøtet i Sunnhordland avdeling den 21. februar 2006.
Endra på årsmøtet i Sunnhordland avdeling 19. februar 2008.
Endra på årsmøtet i Sunnhordland avdeling 2010
Endra på årsmøtet i Sunnhordland avdeling 15. april 2021